



## Notat

Dato: 18.03.2019  
Arkivsak: 2018/14531-7  
Saksbehandlar: gunradd

---

Til: Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Statusrapport frå MC-forum

#### Bakgrunn

I arbeidet med 0-visjonen har det vore jamleg stort fokus på trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper, men tiltak retta mot motorsyklistar og mopedistar er ikkje via tilsvarende merksemd. Dette er i ferd med å snu, og Norsk Motorcykkel Union (NMCU) og Statens vegvesen har inngått avtale om å saman arbeide for å få ned ulykkestala. Satsinga er også nedfelt i *Nasjonal strategi for MC og moped 2018-2021*. Etablering av MC-Forum er ein del av dette samarbeidet, og sidan hausten 2018 har Hordaland fylkeskommune delteke i MC-Forum.

MC-forum er eit etablert samarbeidsforum mellom NMCU, Statens vegvesen, politiet og Hordaland fylkeskommune.

#### Fokusområdar og planar for 2019

MC-forum har som viktigaste oppgåve å arbeide for betre trafikktryggleig for både mopedførarar og motorsyklistar. Denne trafikantgruppa er langt meir utsett i trafikken enn bilførarar. Motorsyklistar utgjer 5 % av køyretøybestanden, men er innblanda i 20% av dødsulykkene. MC- og mopedulykkene har ofte ein høg skadegrad. Arbeidet med 0-visjonen for motorsyklistar kan skje både gjennom utbetringar av veginfrastruktur og haldningsskapande arbeid.

Vegtilhøva kan vere ein medverkande årsak til ei ulykke. Ei viktig oppgåve er difor å bevisstgjere vegansvarlege på eige vegnett, både i planlegging av nye vegar, utbetringar på eksisterande vegnett og i arbeidet med drift og vedlikehald. Vidare er det ei viktig oppgåve å jobbe med informasjon og haldningsskapande arbeid for både moped- og MC-førarar. I aldersgruppa 15-17 år dominerer mopedulukkene, og for MC-forum er det også viktig å ha fokus på ungdom og trafikktryggleik.

MC-forum vil gjennomføre ein MC-trafikktryggleiksdag på Eikås motorsenter den 4. mai 2019. Alle MC- og mopedførarar vil vera velkomen denne dagen, både kvardagskøyrarar og dei som tilhøyrar ein MC-klubb. MC-Forum har avtale om å leie baneanlegget denne dagen og vil legge opp til rådgiving og test av førareigenskaper under trygge tilhøve. Vi samarbeider med aktuelle MC-aktørar som vil ha stand denne dagen, mellom anna MC-forhandlarar og Tuft trafikkskole. Meir informasjon om innhaldet på MC-dagen og anna arbeid i MC-Forum finn ein i vedlagte møtereferat frå 2019.

Vedlegg: Referat frå møte 10. januar, 05. februar og 27.januar 2019.